

Høyringssvar – NOU 2026:4: Kjernekraft i Noreg

- Formannskapet støttar hovudkonklusjonen om å oppretta eit program for å byggja kompetanse, greia ut og etablera rammevilkår som gjer det mogleg å ta avgjerder om ei eventuell utbygging og innfasing av kjernekraft i energisystemet.
- Kjernekraft må vurderast som ein del av ein breiare nasjonal energipolitikk, der behovet for kraft, nett, energieffektivisering og andre energiløysingar vert sett i samanheng.
- Arbeidet med kjernekraft må ikkje svekkja eller forseinka tiltak som kan gje meir kraft, betre energiutnytting og auka nettkapasitet på kort og mellomlang sikt.
- Staten må ta eit tydeleg ansvar for å etablera nasjonale rammer, regelverk, tryggleik, beredskap, finansiering, avfallshandtering og langsiktige plikter.
- Det nasjonale kompetanseprogrammet må utformast slik at det òg dekkjer behova i kommunesektoren innan planlegging, beredskap, helse, tryggleik, innbyggjardialog og lokal samfunnsutvikling.
- Vertskommuneperspektivet må greiast ut særskilt, mellom anna konsekvensar for arealbruk, beredskap, lokal verdiskaping, kompensasjon, ringverknader og langsiktig samfunnsutvikling.
- Formannskapet meiner vi må koma raskt i gang med vidare utgreiing av kjernekraft.